

# KOMMUNALE FORELDREUTVAL

- EIT IDÉHEFTE



# Forord

Etter norsk lov er det foreldra som har hovudansvaret for barna og deira opplæring og utvikling. Foreldra har erfaring og kompetanse på mange ulike område og er viktige medarbeidarar i skulesamfunnet. Dei har ein annan ståstad enn politikarane, lærarane og skuleadministrasjonen. Meiningane til foreldra må komme fram før den enkelte skulen eller kommunen gjer viktige vedtak som gjeld barna. Opplæringslova slår fast at det på kvar skule skal vere eit foreldreråd, og at foreldrerådet skal vele eit arbeidsutval (FAU)

I ein del kommunar er det i tillegg etablert foreldreutval på kommunalt nivå (KFU). Per i dag (2012) er det slike kommunale foreldreutval i ca. 180 kommunar. Dei har vakse fram etter lokale initiativ, mellom anna ut frå behovet for å:

- fremje og sikre foreldresynspunkt for skuleadministrasjonen og dei politiske vedtaksorgana i kommunen
- vere høyringsorgan i alle saker som handlar om barn og deira oppvekst og læringsmiljø
- vere med og utveksle erfaringar og få til foreldresamarbeid mellom grunnskulane i kommunen
- arbeide for at tillitsvalde foreldre ved skulane i kommunen får opplæring, slik at dei kan løyse oppgåvene sine på den enkelte skulen best mogleg

I dette heftet ønskjer FUG å gi råd og rettleiing til medlemmene i dei kommunale foreldreutvala og til foreldre som ønskjer å etablere eit slikt utval.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa  
Mars 2012

## Innhald

**3**\_Kvifor kommunale foreldreutval?

**3**\_Viktige arbeidsoppgåver for kommunale foreldreutval

**4**\_Arbeid overfor skuleadministrasjon og skulepolitikarar

**5**\_Kontakt med foreldreorganisasjonar

**5**\_Konsentrer arbeidet - få resultat

**6**\_Organisering av kommunale foreldreutval

**7**\_Valperiode

**8**\_Døme på vedtekter for kommunale foreldreutval

## Kvifor kommunale foreldreutval?

Kvar grunnskule i Noreg har eit lovfesta foreldrerråd der alle foreldre som har barn ved skulen, er medlemmer. Foreldrerrådet skal velje eit arbeidsutval: arbeidsutvalet for foreldrerrådet – FAU (§ 11–4 i opplæringslova).

Nasjonalt er det etter lova oppretta eit Foreldreutval for grunnopplæringa (FUG). Det skal arbeide for eit godt samarbeid mellom heimen og skulen og sikre foreldreinteressene i skule-samanheng (§ 11–9 i opplæringslova). Mellom desse nivåa er det ikkje lovheimla noko organisert foreldreorgan.

I mange kommunar er det no oppretta foreldreutval på kommunalt nivå (KFU); på landsplan er det ca. 180 slike utval. For FUG er det ei prioritert oppgåve å stimulere og støtte arbeidet i kommunale foreldreutval.

Det er vanskeleg å gi oppskrift på kva slags arbeidsoppgåver eller organisasjonsmodellar dei ulike kommunane bør velje. Det er avhengig av lokale forhold som storleiken på kommunen og talet på grunnskular, korleis kommunen er organisert administrativt og politisk, og ei rekkje andre tilhøve.

Dei nemningane som er brukte i dette heftet – til dømes hovudutval, årsmøte og styre – er ikkje eintydige omgrep i alle kommunar. Ein må heller sjå på kva slags funksjonar namnet dekkjer. Likeins varierer organisasjonsmodellen i små og store kommunar, og kvart kommunale foreldreutval må sjølv sagt finne si form ut frå lokale forhold.

Vi oppmodar alle brukarar til å komme med synspunkt på dette heftet. Vi ønskjer òg å få tilsendt arbeidsprogram, vedtekter, årsmeldingar og anna som kan ha interesse for andre kommunale foreldreutval. Ditt innspel gjer FUG i stand til å komme med endå ei oppdatert utgåve så snart det viser seg nødvendig.

## Viktige arbeidsoppgåver for kommunale foreldreutval

I dette heftet har vi av praktiske grunnar delt inn arbeidsoppgåvene i dei kommunale foreldreutvala slik:

- overfor kvar skule
- overfor skuleadministrasjonen og kommunen elles



- overfor foreldreorganisasjonar
- overfor andre samarbeidspartnarar; lærarorganisasjonar, elevorganisasjonen, Fylkesmannen ved utdanningsavdelinga, KS og andre

Det er dei lokale forholda som avgjer kva oppgåver ein skal prioritere, og korleis ein bør arbeide. Dette heftet er på ingen måte fullgodt, men har nokre forslag og tips til kva kommunale foreldreutval kan arbeide med.

## Arbeid overfor skulane

KFU må arbeide overfor FAU ved kvar skule. FAU må så ha ansvaret for det konkrete arbeidet på sin skule. Det er viktig med klare kontakt- og ansvarslinjer. KFU må ha direkte munnleg og skriftleg kontakt med FAU (helst ved leiaren). Vilkåret for at denne kontaktlinja skal kunne fungere, er at det ligg føre ei fullstendig og oppdatert oversikt over FAU-leiarane ved alle grunnskulane i kommunen (namn, telefon, privatadresse og e-postadresse). Skuleadministrasjonen må kunne skaffe ei slik oversikt kort tid etter vala ved dei ulike skulane.

Oppgåvetypar som kan vere aktuelle overfor kvar enkelt skule:

### Informasjon til skulane

Det er viktig at KFU informerer om aktuelle saker som gjeld alle i kommunen. Ein enkel måte å gå fram på er å sende referata frå styremøta i KFU til leiarane i FAU. Det kan vere lurt å

dele ansvaret for dei enkelte skulane mellom styremedlemmene i KFU. Kvar medlem får ansvaret for å halde kontakten med «sine» skular, både for å informere frå styret og for å få synspunkt frå desse skulane. I fleire KFU er det rutine at styremedlemmene kontaktar sine skular før kvart styremøte og legg fram rapport på møtet.

Nokre KFU lagar eigne informasjonsark/brosjyrar til skulane. Målet er å informere om aktuelle skulesaker og gjere KFU betre kjent på skulane i kommunen.

### **Støtte og følgje opp viktige saker**

Det kommunale foreldreutvalet kan hjelpe FAU i viktige saker og følgje dei opp på kommunalt nivå om det trengst.

### **Opplæring av foreldrekontaktar (klassekontaktar) og FAU-representantar**

Mange foreldre blir foreldrekontaktar og FAU-medlemmer utan å ha nok kunnskap om kva det inneber. Innverknad og engasjement krev kunnskap. Vi rår til å halde foreldrekontaktkurs for nye foreldrekontaktar like etter at dei er valde. Slike kurs kan gjerne vere eit samarbeid mellom KFU og skuleadministrasjonen i kommunen.

### **Formidle idear og gi inspirasjon**

Ein kan til dømes samle FAU-medlemmer til eit møte for å drøfte felles utfordringar og dele erfaringar som kan inspirere til innsats (det er viktig å ta fram gode døme – vise at det nyttar!). Nokre KFU lagar idéhefte der dei har samla gode idear over kva foreldre har fått til, og korleis det blei gjort.

### **Temamøte**

KFU bør ta initiativet til å arrangere medlemsmøte eller opne møte for alle skulane i kommunen om aktuelle skule-spørsmål. Tema kan vere skulestart, skulenedlegging, kommuneøkonomi, skulefritidsordningar, rusmiddel-førebygging, foreldrerolla i lærings-prosessen til barna, integrering i skulen, mobbing, heim-skule-samarbeid, overgangen mellom barnetrinnet og ungdomstrinnet osv. Ein bør òg invitere personar som har innverknad i desse sakene, til dømes representant frå skuleadministrasjonen i kommunen og/eller lokalpolitikarar. På den måten kan foreldre påverke viktige avgjerder.

## **Arbeid overfor skuleadministrasjon og skulepolitikarar**

Det er svært viktig å arbeide for eit godt samarbeid med skuleadministrasjonen og skulepolitikarane i kommunen. Foreldre må vise at dei er synlege, aktive og konstruktive medspelarar for ein best mogleg skule for barna. Kva samarbeidsformer ein skal velje, er avhengig av lokale forhold og omsyn.

Vi oppmodar kommunale foreldreutval til å arbeide for å få tale- og forslagsrett i det utvalet i kommunen som drøftar og gjer vedtak i skulesaker. Dermed får ein tilsendt aktuelle sakspapir, og foreldre kan få innverknad i det organet og på det nivået vedtaka blir gjorde.

I mange kommunar har arbeidet overfor dei skulepolitiske organa vist seg å vere svært viktig for å setje elev- og foreldreinteressene på den skulepolitiske dagsordenen. Foreldre er ei svært stor veljargruppe!

Vi oppmodar KFU til å ta initiativ for å bli høyrte i utval som vurderer viktige skulepolitiske saker, til dømes skulestruktur, planlegging av nye skular eller utviding av eksisterande bygg, helse, miljø og tryggleik, budsjett og utarbeiding av forpliktande handlingsplan for heim- skule-samarbeid. Det er viktig at slike utval tek foreldresynspunkta på alvor!

Samarbeidet med skuleadministrasjonen i kommunen er på mange måtar avgjerande for den innverknaden foreldre kan få. Dette samarbeidet er dessverre svært avhengig av korleis kommunen ser på foreldreengasjement. KFU bør arbeide aktivt for å få til eit godt samarbeid. Det opnar for betre dialog både med skulepolitikarane, administrasjonen og rektorane.

KFU kan be om å få delta på rektormøte for å diskutere heim-skule-samarbeidet og informere om arbeidet til KFU. Ein bør lage rutinar for regelfaste møte med skuleadministrasjonen og leiaren for det politiske organet for skulesaker.

Medlemmer i KFU kan søkje kommunen om godtgjersle for å møte i kommunale utval.

KFU bør opprette ei eiga nettside eller vurdere å "lenkje seg på" sidene til kommunen.



## Kontakt med foreldreorganisasjonar

### Kontakt/samarbeid med andre KFU

Ein bør komme i kontakt med dei kommunale foreldretvåla i fylket, slik at ein kan utveksle erfaringar og støtte kvarandre i arbeidet.

### Kontakt/samarbeid med FUG

Kongen i statsråd nemner opp Foreldretvålet for grunnopplæringa for fire år om gongen. FUG er eit rådgivande organ for departementet. FUG skal òg arbeide for at foreldra skal få meir å seie på skule- og kommunenivå, og støtte opp om det lokale foreldreengasjementet. KFU er ei svært viktig målgruppe for FUG, og det blir prioritert høgt å halde god kontakt med foreldretvåla på kommunenivå.

Dersom ein treng støtte eller ønskjer å formidle synspunkt, kan ein kontakte FUG sentralt. Oversikt over FUG-medlemmane og sekretariatet finn du på [www.fug.no](http://www.fug.no).

FUG har òg en rekke publikasjoner om heim-skule-samarbeid, disse finn du på [www.fug.no](http://www.fug.no)

## Andre lokale samarbeidspartnarar

Kven ein elles bør samarbeide med, varierer mykje frå stad til stad og er heilt avhengig av lokale forhold og dei oppgåvene ein prioriterer.

Det er viktig å ha eit godt samarbeid med elevane og representantane dei har valt.

Det er òg viktig å ha god kontakt med lærarorganisasjonane. I mange samanhengar har foreldre og lærarar felles interesser.

## Konsentrer arbeidet – få resultat

For at KFU skal lykkast med arbeidet og vere sikra kontinuitet, er det viktig å kunne vise til at ein får til noko – at ein får resultat. Mange KFU er etablerte på grunnlag av éi sak og kan lett falle frå kvarandre når den eine saka ikkje lenger er aktuell. Andre KFU har engasjerte personar som blir «utbrende» fordi arbeidet krev for mykje, eller fordi det er for tungt å få resultat. Vi oppmodar om å ikkje spreie ressursane på for mange oppgåver, men konsentrere arbeidet og jobbe skikkeleg med å få til resultat i konkrete saker. Foreldra er store ressursar. Ei hovudutfordring for KFU må vere å leggje opp arbeidet slik at det engasjerer flest mogleg foreldre i oppgåver som er viktige for alle med barn i grunnopplæringa.

Det er viktig å skaffe seg gode samarbeidspartnarar og støttespelarar for å få til gode resultat!

## Bruk media

All erfaring viser at det er viktig å bruke media. Eit godt oppslag om ei sak KFU arbeider med, kan ha større effekt enn skriv og møte med administrasjon eller politikarar. Å bruke media er òg effektivt for å informere alle foreldre om kva som skjer. Likevel er det viktig å tenkje gjennom korleis ein fokuserer sakene. Einsidig negativ vinkling på det ein tek opp, kan i lengda føre til at KFU mister tillit og innverknad.

## Organisering av kommunale foreldreutval

KFU skal vere eit fellesorgan for foreldre ved alle grunnskulane i kommunen. Vi rår til at KFU òg inkluderer eventuelle friskular og kommunale spesialsular. Erfaringar viser at det elles har lett for bli motsetningar og konflikhtar mellom ulike foreldregrupper. Det er om å gjere at alle foreldre med barn i grunnskulen står saman.

Det er viktig å sikre kontinuiteten i eit KFU. Legg derfor vekt på god kommunikasjon med alle foreldre. Lytt til meiningane deira. Ta godt vare på alle eldsjelenene, la dei ikkje slite seg ut. Det er blant engasjerte foreldre ein finn nye medlemmer til verva i KFU.

Spørjeundersøkingar som FUG har gjennomført, viser at det stort sett er foreldra eller skuleadministrasjonen i kommunen som tek initiativet til å etablere KFU. Dersom kommunen tek initiativet, kan det ofte føre til eit nærmare samarbeid og at ein får praktisk hjelp frå skuleadministrasjonen. På den andre sida er det nokre som hevdar at det då er lettare å bli støttespelar for administrasjonen. Eit konstruktivt samarbeid med alle partar (skuleadministrasjonen, lærarorganisasjonane, elevorganisasjonen og politikarane) må vere eit hovudmål for KFU.

Lokale forhold må avgjere kva modell ein skal velje. Dersom kommunen ikkje hjelper til med å etablere KFU, bør foreldra gjennom FAU sørge for å få det gjort. I slike tilfelle kan ein be om støtte frå FUG og andre etablerte KFU i nærleiken.

## Årsmøte

Eit årsmøte er viktig for å få kontakt med representantar for alle FAUa ved grunnskulane i kommunen. På første møtet bør ein ta opp desse sakene:

- Avklare kva slags oppgåver KFU skal arbeide med, og kva reglar KFU skal styre etter. Det er viktig å drøfte dette nøye og å skrive det ned til dømes som vedtekter, mål- og handlingsplan, arbeidsprogram eller liknande
- Velje styre for KFU. I små kommunar kan KFU vere samansett av éin representant frå kvart FAU; i store kommunar må ein velje eit styre blant FAU-representantane.
- Setje opp eit budsjett dersom KFU har eigne inntekter (til dømes kontingent frå skulane). KFU bør søkje om økonomisk støtte frå kommunen.

Etter kvart som KFU finn si form, blir det mindre diskusjon om dei overordna retningslinjene for KFU.

Der det har vore KFU i nokre år, må ein på årsmøtet leggje fram ei årsmelding om det som har skjedd siste året, og rekneskap dersom KFU har eigne inntekter. På årsmøtet kan ein òg ta opp aktuelle skulespørsmål. Då kjem det gjerne fleire på møtet, samtidig som ein utvekslar informasjon og får betre grunnlag for å få fram synspunkta til foreldra.

## Kven stiller på årsmøtet?

I kommunar med berre nokre få skular er det best om alle foreldrekontaktane eller alle FAU-medlemmene i kommunen deltek på årsmøtet. I kommunar med mange skular er det vanskeleg å få til. Ein tenleg måte kan vere å velje eit par representantar for kvar skule (til dømes leiaren og nestleiaren i FAU) til årsmøtet. Det er viktig at alle delane av kommunen og alle skuleslaga er representerte.

## Styre

Årsmøtet må velje styre. Arbeidet til styret avgjer på mange måtar om det kommunale foreldreutvalet fungerer godt eller ikkje. Derfor må ein leggje stor vekt på å få inn folk i styret som er villige til å gjere ein innsats. Det er òg ein fordel om nokon av styremedlemmene har organisasjonserfaring frå før.

Styret bør ha minst fem medlemmer. Då kan ein dele arbeidet på fleire, og ein blir ikkje for avhengig av enkeltpersonar. Styret bør ikkje ha fleire enn ni medlemmer.

Det bør veljast vararepresentantar som kan møte når representanten har forfall eller må trekkje seg. Mange KFU har valt å la vararepresentantane delta på alle styremøta. Dersom oppgåvene blir fleire eller større etter kvart, er det praktisk å ha fleire personar å spele på.

### Valperiode

Det er ofte vanskeleg å få nok kontinuitet i arbeidet i KFU. Derfor er det viktig å ha ei valordning for styret og såleis sikre at arbeidet blir ført vidare. Alle medlemmene bør veljast for minst to år, halvparten av medlemmene det eine året og halvparten det andre året. (Første året blir halvparten valde for eitt år, resten for to år.)

### Representasjon i styret

Samansetninga av styret er avhengig av kor mange skular det er i kommunen. I kommunar med få skular bør alle skulane vere representerte. I kommunar med mange skular bør alle skuleslaga vere representerte (barneskule, ungdomsskule, fådelt skule, eventuelt spesialskule). Ein bør òg leggje vekt på å få representantar frå alle delar av kommunen. Det er viktig at KFU arbeidar for at **alle** elevar vert sikra ein best mogleg skule.

### Samansetning av styret

I tillegg til leiar er det vanleg å velje nestleiar og sekretær. Alternativt kan sekretæroppgåva gå på omgang blant styremedlemmene. Her bør ein ta avgjerande omsyn til praktiske forhold og ønske frå styremedlemmene. Dersom KFU har eigne inntekter, bør ein velje ein økonomiansvarleg.

Det er viktig å få til ei god arbeidsdeling mellom styremedlemmene. Ut frå det vedtekte arbeidsprogrammet bør ein dele arbeidsoppgåvene mellom styremedlemmene. Fordelinga bør vere avklart snarast råd etter at styret er valt. Det kan vere tenleg at to og to styremedlemmer går saman om ansvaret for oppgåvene.

### Møte i styret

Styret bør lage ein møteplan for heile året. Talet på møte er avhengig av aktivitetsnivået og dei oppgåvene ein arbeider med, men styret bør treffast regelmessig. I kommunar der KFU er representert i politiske organ for skule-



saker, bør KFU halde styremøtet i god tid før dette møtet, slik at ein òg kan drøfte saker som skal opp, eller saker ein ønskjer å ta opp, på kommunalt nivå.

Mange foreldre som engasjerer seg i dette arbeidet, er òg engasjerte på andre område. Hugs derfor at svært mange har knapp tid. Planlegg møta godt. Send ut skriftleg innkalling med dagsorden og eventuell dokumentasjon til sakene som skal til behandling. Referer møta skriftleg. Det bør særleg komme fram kva vedtak som er gjorde, kven som har ansvar for å arbeide vidare med oppgåvene, og kva tidsfristar som gjeld. Dersom mange oppgåver er på gang over relativt lang tid, bør det på kvart styremøte leggjast fram korte rapportar om utviklinga i arbeidet. Det hjelper dei som arbeider med oppgåva, og er viktig for å sikre at framdrifta og arbeidet går slik styret forventar.

Referat frå møta bør ut til alle FAUane i kommunen.

I mange kommunar får KFU praktisk sekretariatshjelp frå skuleadministrasjonen. Det kan vere lån av møte-lokale, sekretærhjelp, hjelp til kopiering, utsending og anna. Vi oppmodar KFU om å prøve å få til ei slik ordning. Det lettar arbeidet for styret og gir betre gjensidig informasjon overfor skuleadministrasjonen.

Mange KFU har eigne område på nettsidene til kommunen, andre har eigne nettsider. Alle KFU bør ha ei eiga nettside.

## Døme på vedtekter for kommunale foreldreutval

### 1. FORMÅL

KFU skal vere eit samordnande og koordinerande organ for foreldre-råda ved alle grunnskulane i kommunen og ha som formål å

- arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom foreldra, skulen, skuleadministrasjonen og politiske vedtaksorgan i kommunen
- vere eit høyringsorgan og eit rådgivande organ på vegner av foreldra ved alle grunnskulane i kommunen
- drive informasjonsarbeid og idéskapning og hjelpe til med erfaringsutveksling og foreldresamarbeid mellom dei ulike grunnskulane i kommunen
- leggje til rette for større foreldreengasjement for at kvar elev skal få best mogleg utbytte av skulegangen sin

### 2. ORGANISERING

#### 2.1 Samansetninga av utvalet

Utvalet er samansett av ein foreldrerepresentant frå kvar grunnskule, vald av arbeidsutvalet for foreldrerådet (FAU). Den valde har møte- og informasjonsplikt i FAU. Kvar medlem har ein personleg vara. Er den faste medlemmen forhindra frå å møte, må vedkommande sjølv sørgje for å melde frå til sin vara. Dersom utvalet ønskjer det, kan ein velje eit arbeidsutval på inntil to medlemmer i tillegg til sekretær.

#### 2.2 Valordning

Medlemmene til utvalet skal helst veljast på slutten av vårhalvåret eller seinast to veker etter skulestart om hausten. Funksjonstida for utvalet følgjer skuleåret, og medlemmene blir valde for to år om gongen. Utvalet vel leiar, nestleiar og sekretær med ei funksjonstid på to år.

### 3. MØTEORDNINGAR/SAKSGANG

#### 3.1 Møte

Utvalet held møte når leiaren, den som har det administrative ansvaret for skulesaker i kommunen, eller 2/3 av medlemmene krev det. Det blir sett opp ein møteplan for kvart halvår. Utvalet får innkalling til møta ei veke på førehand. Den administrative leiaren for skulesaker i kommunen eller representant for dette organet, har møte- og talerett i utvalet, men ikkje stemmerett. Med omsyn til saker som utvalet vil ta opp, kan utvalet invitere personar som ikkje er medlemmer, til å vere med på møtet med talerett.

#### 3.2 Voteringar

Saker som blir tekne opp og krev votering i KFU eller arbeidsutvalet, blir vedtekne med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren i utvalet dobbelstemme.

#### 3.3 Saksgang

Utvalet fører møtebok og sender fråsegner og referat frå møta til utvalet som har ansvar for skulesaker i kommunen, skuleadministrasjonen, grunnskulane og FAU ved skulane.

#### 3.4 Saker

KFU skal konsentrere verksemda si om større saker der det er naturleg eller ønskjeleg å stå fram samla på vegner av skulane/FAU-ane. Utvalet avgjer sjølv kva saker det gjeld, etter eigne framlegg, framlegg frå dei ulike FAUane eller framlegg frå skuleadministrasjonen. Sakene bør gjelde alle skulane i kommunen eller grupper av dei, men i spesielle tilfelle kan ein òg behandle enkeltsaker som gjeld berre éin skule, men som har allmenn interesse.



#### **4. REPRESENTASJON I HOVUDUTVAL FOR SKULE OG KULTUR**

Så langt regelverket/reglane gir heimel for det, kan KFU møte med ein representant med talerett i utvalet som har ansvar for skulesaker i kommunen. Representanten blir vald for to år og bør helst vere leiaren i KFU.

#### **5. ØKONOMI**

KFU bør kvart år få tildelt ein fast driftssum frå kommunen over skulebudsjettet. I samband med spesielle prosjekt/arbeidsoppgåver kan ein søkje om midlar.

#### **6. ENDRINGAR I VEDTEKTENE**

Berre årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene. Forslaga må vere komne inn til styret før 1. september, slik at dei kan liggje ved innkallinga til årsmøtet. Vedtak om vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene.

#### **7. OPPLØYSING**

Å løyse opp organisasjonen krev 2/3 fleirtal av dei registrerte stemmene på årsmøtet. Dersom oppløysinga blir vedteken, skal midlane til organisasjonen delast likt mellom alle FAU som er representerte i KFU.

---

**Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit nasjonalt utval for og med foreldre som har barn i skulen.**

#### **FUG er opptatt av:**

Heim-skule-samarbeid

- Å ta vare på foreldra sine interesser i skulesamanheng
- Å gje kunnskap om korleis eit heim-skule-samarbeid fungerer
- Å gje kunnskap om korleis foreldre kan støtte sine barn
- Å sette dagsorden og støtte foreldre når det gjeld sentrale tema som inneklima, mobbing, foreldremøter, skulearbeid, med meir.

[www.fug.no](http://www.fug.no) – ein nettressurs for foreldre med barn i skulen

Kommunale foreldreutval!© FUG 2012

